



Breheimen  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Breheimen nasjonalparkstyre

**Møtested:** Norsk Fjellsenter i Lom

**Dato:** 19.06.2023

**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/23	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 16/23	Mysubytta LVO - 2023 - Dispensasjon - Vedlikehald av veg - Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum		2023/6393
ST 17/23	Breheimen nasjonalpark - Bygningar i villreinen sine trekkveggar utanfor verna område		2022/11260
ST 18/23	Referatsaker		
RS	Autorisasjon - besøkssenter nasjonalpark - Fortun Bygdalag		2023/6018
RS	Endelig vedtak - klage - Mysubytta LVO - fjerning av platting - Rita Brekkum		2019/16363
ST 19/23	Delegerte vedtak		
DS 12/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2023 - uttransport av båt og garnkasse frå Åfåttjønningin - Martin Kløkk		2023/1594
DS 13/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - løyve til å arrangere Norges Minste Festival ved Smithbuhytta i Breheimen Nasjonalpark søndag 18. juni 2023 - Turstiglaget Lom nasjonalparklandsby v/ Egil Olav Nyrnes		2022/12373
DS 14/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - Transport av ved og utstyr til hytte på snødekt mark - Tanja Teigum		2023/5338
DS 15/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2023 - Skjøtsel av kulturlandskap - Lidar vel v/ Per Dagsgard		2023/5742
DS 16/23	Delegert vedtak - Høyrokampen NAT - 2023 - Transport av materialer med snøskuter - Birger Eggen		2023/2107
DS 17/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - utplassering av Fjellgeitposter - Røykeskålsvatnet - Holene - Søverdalen - Fjellgeita - Skjåk IL		2023/1085
DS 18/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - løyve til å arrangere «Norges Minste Festival» ved Smithbue - Turstiglaget Lom nasjonalparklandsby v/ Egil Olav Nyrnes		2022/12373
DS 19/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2023 - Transport av båt, ved og proviant - Lundadalen - Åge og Arnstein Frøyse		2023/1759
DS 20/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - motorferdsel på snødekt mark -		2020/12991

	Lundadalsvatnet - Martinsbu - Yste Sætre - Magne Håvard Forberg	
DS 21/23	Strynefjellet LVO - dispensasjon - motorferdsel 2023 - bruk av skuter etter 20. april - Strynefjellet Sommerski AS v/ Nina Lensebakken	2020/204
DS 22/23	Delegert vedtak - Høyrokampen NR - dispensasjon - 2023 - merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - arealrepresentativ naturovervåkning ANO - Norsk institutt for naturforskning NINA	2023/4577
DS 23/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2023 - Transport av båt og garnkasse - Magne Nyhus	2023/3159
DS 24/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Breheimen NP - Vigdalen LVO - Hamrsdalsnosi - Motorferdsel - Oppsetting av basestasjon til peiling av husdyr - Skjolden Beitelag	2023/3553
DS 25/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2023 - Løyve til motorferdsel etter 20.april - Hydro Energi Sogn	2020/4405
DS 26/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2023 - Transport med snøskuter i samband med vedlikeholdsarbeid på Arentzbu - DNT Oslo og omegn	2022/2726
DS 27/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - oppsetting av stolper i samband med stolpejakt - DNT Gudbrandsdalen	2023/4576
DS 28/23	Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2023 - Rydding av sti og oppføring av stolpe med skilt - Egil Olav Nyrnes	2023/95
ST 20/23	Eventuelt	

**ST 15/23 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2023/6393-3

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 12.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	16/23	19.06.2023

## Mysubytta LVO - 2023 - Dispensasjon - Vedlikehald av veg - Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum

### Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 19.06.2023 gjeve Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum løyve til å leggje om vegen slik det er beskrive i søknaden.

Vedtaket er gjort med heimel i § 3 pkt. 1.3 bokstav j i verneforskrift for Mysubytta landskapsvernområde.

Følgjande vilkår gjeld for løyvet:

- Før tiltaket blir gjennomført skal nasjonalparkforvaltar ha beskjed om når tiltaket skal utførast. Forvaltar eller Statens naturoppsyn Breheimen deltek om nødvendig.
- Vegetasjon kan fjernast inntil den raude streken i figuren på side 6. Vegetasjonen skal takast vare på og bli brukt over ei eventuell skjering i terrenget. Anna overskotsmasse kan bli brukt til å pynte til arealet på høgre sida av den blå streken i figuren på side 6. Her kan det også blir grave ei lita grøft, eller det kan bli plassert større stein for å markere overgangen mellom veg og utmark.
- Tiltaket skal utførast på ein slik måte at det ikkje blir grave meir enn strengt nødvendig, og inngrepet skal pyntast til på best mogleg måte.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Mysubytta landskapsvernområde. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuell løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- E-post ang. vedlikehald av Mysubyttvegen frå Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum, datert 04.06.2023.
- E-post ang. vedlikehald av Mysubyttvegen frå Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum, datert 25.05.2023.

## Saksopplysningar

Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum søker om å få leggje om ein liten del av Mysubyttvegen i samband med at det ofte oppstår skade på ei trebru når større kjøretøy skal inn og ut frå Mysubytta. Moment frå søknaden:

*Tanken er å rette ut svingen slik at en kommer mere direkte inn på brua, så større kjøretøy IKKE tar treverket inn på brua, noe som skjer litt for ofte.*

- *Lage ei lita grøft på innside så de ikke tar innersving.*
- *Mulig legge på 2-3 stabbesteiner i tillegg som hinder.*
- *Se på person på bilde, dit bør vi flytte svingen, den vesle furua bør nok vike. Ellers er det svært lite masse som må flyttes for å få dette til, trodde det var mere i utgangspunktet. Så der er det ca 2 meter forskyving av veggen til venstre, og på bilde som er tatt fra brua, så blir det ca 1 meter til høyre den justeres på det meste. Kan også få entreprenør til å legge på igjen vegetasjonen han tar av, så godt det lar seg gjøre.*





*Svingen sett frå vest.*



*Svingen sett frå aust.*

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Mysubytta landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

### Verneformål – forskrift

Føremålet med Mysubytta landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi, opplevingsverdi, og som er identitetsskapande. Vidare er føremålet med vernet å:

- ta vare på verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne som utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på eit stort samanhengande naturområde med rikt dyre- og planteliv som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I verneforskrift for Mysubytta landskapsvernområde står det at:

*i eit landskapsvernområde må det ikkje setjast i verk tiltak som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg. Det skal leggjast vekt på den samla verknaden av tiltak i området (verneforskrift for Mysubytta LVO § 3 pkt. 3.1).*

I § 1.1 om inngrep i landskapet står bl.a. dette:

*Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrelgging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. «Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging». Opplistinga er ikkje uttømmande.*

Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til m.a.:

- *omlegging og opprusting av vegar for jordbruksføremål i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan. (§ 3 pkt. 1.3 bokstav j i verneforskrift for Mysubytta landskapsvernområde).*

### Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark med tilgrensande verneområde står m.a. følgande retningslinjer for vegar:



*Vegane i landskapsvernområda kan haldast ved like utan søknad (§ 3 pkt. 1.3).*

*Vedlikehald av eksisterande vegar/køyrespor må skje på ein slik måte at vegen/køyresporet ikkje endrar karakter eller får ein standard som t.d. opnar for nye typar køyretøy. Naudsynt grusing av bilvegane vert rekna som vedlikehald.*

*I Mysubytta landskapsvernområde kan det etter søknad gjevast løyve til omlegging og opprusting av vegar for jordbruksføremål (§ 3 pkt. 1.3 j)). Behovet for dette skal dokumenterast og vurderast i høve til verknaden på landskapet, biologisk mangfald og andre føremål med vernet.*

## **Naturmangfaldlova**

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

## **Vurdering**

Mysubyttvegen v/ Morten Brekkum søker om å få leggje om ein liten del av Mysubyttvegen i samband med at det ofte oppstår skade på ei trebru når større køyretøy skal inn og ut frå Mysubytta. I søknaden blir det beskrive omfanget og korleis dette er tenkt utført. Nedanfor er det ein illustrasjon som viser korleis det er tenkt i denne situasjonen.



*Vegetasjon og masse blir fjerna på høgre sida av den raude streken.  
På høgre sida av den blå streken blir det plassert stein eller laga ei grøft.*

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i forvaltningsplanen for Breheimen, databasar (InnlandsGIS,

Naturbasen og Artsdatabanken), ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve.

Nasjonalparkforvaltar meiner at dette er eit lite inngrep som ikkje vil påverke verneverdiane eller verneformålet nemneverdig. Det er ikkje registrert kulturminne i dette området, og det er heller ikkje registrert artar som blir negativt påverka av tiltaket. Det estetiske med tanke på å ivareta landskapet på ein god måte vil heller ikkje bli nemneverdig påverka, dersom dette blir gjort på ein skånsam måte (§ 8).

Den samla belastninga som økosystemet i Mysubytta LVO blir utsett for er vurdert som liten dersom villkåra i denne saka blir følgd. Ein kan heller ikkje sjå at ei mindre endring av vegen i dette tilfellet vil påverke verneformålet eller verneverdiane nemneverdig. Det er derfor ikkje nødvendig å ta i bruk *føre-var-prinsippet* i saka. Det er viktig at all graving blir gjennomført på ein skånsam måte for å redusere påverknaden på det visuelle i samband med flytting av vegen (§§ 9-10).

Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for å sikre at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Det blir lagt vekt på å setja villkår som regulerer tiltaket for å unngå eventuell skade på natur og miljø (§§ 11-12).



Arkivsaksnummer: 2022/11260-20

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 29.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	17/23	19.06.2023

## Breheimen nasjonalpark - Bygningar i villreinen sine trekkvegar utanfor verna område

### Innstilling frå forvaltar

Med bakgrunn i denne saka, og styremøte den 19. juni 2023, gjev Breheimen nasjonalparkstyret styreleiar og sekretariat i oppdrag å utforme brev til Klima- og miljødepartementet der dei blir utfordra på følgjande punkt:

1. Vil Klima- og miljødepartementet kjøpe den omtala hytta i Breiddalen av Skjåk Almenning slik at hytta blir i statleg eige (Statsbygg) slik som hytta på Ringebu fjellet? Dersom det ikkje er aktuelt med overtaking av hytta, vil Klima- og Miljødepartementet bidra med midlar til Skjåk Almenning slik at dei kan rive hytta?
2. Vil Klima- og miljødepartementet gjennom ny stortingsmelding for villrein, ta opp problemstillinga og vurder om det skal setjast av midlar som kan kompensere for frivillig flytting/erstatning av hytter/buer/installasjonar som kan ha stor betydning for å betre villreinens levkår?

Breheimen nasjonalparkstyre forventar eit tilsvar frå departementet i saka.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Notat i forbindelse med innspelmøte nr. 2 om ny stortingsmelding for villrein - Reinheimen - Breheimen villreinområde, 04.05.2023 (sendt på e-post den 04.05.2023).

- Notat i forbindelse med innspelmøte nr. 1 om ny stortingsmelding for villrein - Reinheimen - Breheimen villreinområde, 10.01.2023 (sendt på e-post den 31.01.2023).
- <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/regjeringen-ber-om-forslag-til-politikk-for-a-bedre-tilstanden-til-villrein-i-norge/id2973718/?expand=factbox2977584>

## Saksopplysningar

Styreleiar, nestleiar og sekretariatet i Breheimen nasjonalparkstyre har i løpet av vinteren delteke på to møter med Klima- og miljødepartementet. Andre deltakarar har vore representantar frå villreinnemnd, villreinutval og Reinheimen nasjonalparkstyre. Tema for møta har vore innspel til ny stortingsmelding for villrein, og møta har teke utgangspunkt i villreinområda nord og sør for Sognefjorden. Dei ulike innspela som har kome frå representantane i Reinheimen – Breheimen villreinområde ligg i vedlegget.

Reinheimen - Breheimen villreinområde er i praksis delt i to, og det einaste utvekslingsområdet/trekket mellom Reinheimen i nord og Breheimen i sør går over Breiddalen i Skjåk kommune. Dersom dette området ikkje blir teke vare på er risikoen stor for at det skjer det same her som i Rondane og på Dovrefjell, at trekket blir borte og at ein får 2 heilt åtskilte villreinstammer.

I midten av januar 2023 var det til sals ei hytte midt i dette trekkområdet mellom Breheimen og Reinheimen i Breiddalen. Statens vegvesen var seljar av eigendomen. Med bakgrunn i tanken om å sikre trekkvegen her for framtida, vart det vurdert at hytta burde bli kjøpt opp slik at den ikkje skulle kome på private hender. Det vart gjort førespurnad til både Miljødirektorat og Klima- og miljødepartement om bistand til oppkjøp av eigendommen, men utan hell. Saka enda opp med at ein privat aktør, Skjåk Almenning, kjøpte eigendommen for 240.000,-. Skjåk Almenning ønskjer nå å rive hytta med bakgrunn i trekkvegen sin betydning for villreinen i Reinheimen – Breheimen.

## Vurdering

I verneområda er det nasjonalparkstyra som har ansvar for å ivareta villreinen sine leveområde og trekkvegar i eit langtidsperspektiv. Men kven har ansvar for å gjere same jobben utanfor verneområda der det er sårbare trekkområde mellom verneområda? I dei fleste tilfella er dette eit ansvar som er tildelt den enkelte kommune, men utfordringane i slike samanhengar er at politiske vindar kan fort føre til endra haldningar og prioriteringar. I slike tilfelle bør staten kome på bana og vise interesse for tiltak som kan føre til at ein kan få redusert talet på bygningar/fritidseigedomar midt i viktige trekkvegar.

Med bakgrunn i saka om hytta som var til sals i Breiddalen som det er referert til ovanfor, hadde forvaltninga ei gylden moglegheit til å redusere talet på hytter langs den 5 km lange strekningen som er den viktigaste trekkvegen mellom nord- og sørområdet i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Kostnadmessig er det dette ein liten dråpe i havet når ein tenkjer forvaltning i eit langt perspektiv.

Det var som tidlegare nemnt Statens vegvesen som sto som seljar av hytta. Når aktørar som Statens vegvesen stå som seljar av noko slik som dette, i eit veldig viktig trekkområde for villreinen, burde eit par departement, eller direktorat, prate saman og finne gode løysningar på dette. Det er opplagt at salssummen på 240.000,- ikkje er avgjerande for Statens vegvesen sin vidare drift framover. Det er truleg at vegvesenet berre hadde eit ønskje om å bli kvitt eigendommen slik at de ikkje har noko ansvar for den lenger.

For villreinen sin bruk av areal som ikkje er verna, er det urovekkande at det ikkje var større engasjement frå sentrale myndigheiter i denne saka. Det kan leggjast til at ein hadde ein liknande situasjon ved Muen langs riksveg 27 over Ringebufjellet for ein del år tilbake. Der var det også ein fritidseigedom midt i trekkvegen mellom Rondane nord og sør. Der gjekk staten inn med pengar og kjøpte ut eigedommen til slutt, etter påtrykk over lang tid. Kostnaden for denne hytta vart til slutt 1.500.000,-. Hadde staten gått inn og kjøpt denne hytta 7-8 år tidlegare kunne staten spart over 1.100.000,-.

I *kvalitetsnormen for villrein* er trekkpassasjen over Breiddalen karakterisert som ein særdeles viktig trekkpassasje mellom Reinheimen og Breheimen. Området er nå prega av ein sterkt trafikkert veg, hytter og ferdsel. Gjennom dei to innspelsrundane i samband med ny stortingsmelding for villrein, har Breheimen nasjonalparkstyre også kome med innspel om dei nye tunellane mellom Stryn og Skjåk for å ta vare på denne trekkvegen.

Med bakgrunn i bl.a. kvalitetsnormen har det dei seinare åra vorte større fokus på at ein ikkje skal gjere nye inngrep i villreinen sine trekk- og leveområde. Ein kan i denne samanhengen også stille seg spørsmålet om når skal ein begynne å tenkje på at ein skal reversere inngrep og fragmentering av areal som er gjort i dei same områda?

Breheimen nasjonalparkstyre vil med bakgrunn i momenta ovanfor utfordre Klima- og miljødirektoratet på følgjande punkt:

1. I Breiddalen vart hytta som tidlegare nemnt kjøpt opp av Skjåk Almenning for å hindre at denne kom på private hender. Nasjonalparkstyret stiller spørsmål om det er opp til private aktørar å gjere tiltak for å forbetre villreinen sine trekk- og leveområde i slike samanhengar.

Vil Klima- og Miljødirektoratet kjøpe den omtala hytta i Breiddalen av Skjåk Almenning slik at hytta blir i statleg eige (Statsbygg) slik som hytta på Ringebufjellet? Dersom det ikkje er aktuelt med overtaking av hytta, vil Klima- og Miljødepartementet bidra med midlar til Skjåk Almenning slik at dei kan rive hytta?

2. Klima- og miljødepartementet må drøfte kva som skal gjerast i slike situasjonar der det opnar seg moglegheiter for å redusere bygningar med tilhøyrande ferdsel og aktivitet i viktige trekkvegar. Slike salsprosessar går fort og det er liten tid til å tenkje seg om. Betydninga av å handle raskt i slike situasjonar vil føre at villreinen vil få det betre i eit langtidsperspektiv, og at ein reverserer fragmenteringa av trekkområda.

Vil Klima- og miljødepartementet gjennom ny stortingsmelding for villrein, ta opp problemstillinga og vurder om det skal setjast av midlar som kan kompensere for frivillig flytting/erstatning av hytter/buer/installasjonar som kan ha stor betydning for å betre villreinens levekår?

# Innspelmøte stortingsmelding for villrein - 10.01.2023

## Reinheimen - Breheimen villreinområde

### Innleiing

- **Breheimen nasjonalpark**, verna i 2009, 1691 km<sup>2</sup>, går frå nesten havnivå til over 2000 moh. Karrige høg fjell, isbrear og frodige stølsdalar og villreinens rike. Stillheit og urørt natur. Ein av dei mest varierte nasjonalparkane. Folket som bur kring Breheimen nasjonalpark har gjennom tidene vore sterkt knytte til fjellet, med jakt, fiske, stølsdrift og gjennom ferdsel mellom Aust- og Vestlandet. Mange av turane i Breheimen er av dei meir krevjande, mindre tilrettelagt.

Breheimen NP ligg i Lom, Skjåk og Luster kommunar. Rv15 over Strynefjellet går nord for nasjonalparken og Fv55 over Sognefjellet går sør for nasjonalparken.

- **Reinheimen nasjonalpark**, verna i 2006, 1969 km<sup>2</sup>, er eit av dei største urørte høg fjellsområda i Sør-Noreg, der villmark med spor etter gamal fangstkultur pregar fjellområdet. Dei høgste fjella er over 2 000 moh., medan det lågaste punktet ligg i Romsdalen ca. 130 moh. I sør og aust er terrenget slakt med avrunda formar, vidder og rolege flyer. Her har området stor verdi for jakt, fiske og beitebruk, og er i liten grad tilrettelagt for turistar. I Tafjordfjella, vest i nasjonalparken, er terrenget brattare, og tilrettelagt med merka turstigar og overnattingsmoglegheiter på turisthytter.

Reinheimen NP ligg i Lom, Skjåk, Fjord, Lesja, Rauma og Vågå kommunar. Rv15 over Strynefjellet går sør for nasjonalparken og E136 Dombås-Åndalsnes går nord for nasjonalparken.

- Både Reinheimen NP og Breheimen NP er ein del av Reinheimen – Breheimen villreinområde. Dette er eit av dei mest produktive i landet, og det tredje største leveområdet for villrein i Noreg.

### Verneformål

Formålet med oppretting av Breheimen NP og Reinheimen NP er bl.a. å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde som inneheld særegne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep.
- ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde (nå Reinheimen-Breheimen villreinområde)

### Kvalitetsnorm

- Reinheimen-Breheimen villreinområde er klassifisert som middels / gul. Dette er eit godt utgangspunkt, men kunnskapsgrunnlaget i kvalitetsnormen peikar på fleire punkt som er viktige for villreinen sin framtid.

## Utfordringar

- Reinheimen - Breheimen villreinområde er i praksis delt i to, og det einaste utvekslingsområdet/trekket mellom Reinheimen i nord og Breheimen i sør går over Breiddalen i Skjåk kommune. Statens vegvesen har konkrete planar om bygging av nye tunnelar på Rv15 mellom Skjåk og Stryn. Her er det mogleg å få til eit godt samanhengande trekkområde for villreinen dersom tunnelen gjennom Breiddalen blir trekt austover til Breiddalsvatnet. Dette vil òg kunne skåne villreinen for det meste av ferdsel inn i området i kalvingstida. Dersom dette ikkje blir gjort er det stor risiko for at det skjer det same her som i Rondane og på Dovrefjell, at trekket blir borte og at ein får 2 heilt åtskilte villreinstammer. Klima – og miljødepartementet bør absolutt inn i denne saka for å sjå på moglegheitene for å leggje godt til rett for at villreintrekket mellom Breheimen og Reinheimen blir ivareteke på lang sikt. Sjå vedlagt kart. (Kontaktpersonar i SVV: Prosjektleder Rolf Arne Hamre, planleggingsleiar Gisle Fossen og vegplanleggjar Kurt Løvdøen).
- I Breiddalen er det også til sals ei gamal hytte og eigar/seljar er Statens vegvesen. Hytta er lagt ut som næringsseigedom og er opphavleg ei gamal vegvaktarhytte. Denne hytta bør kjøpast av det offentlege slik at den ikkje kjem på private hender. Dette er nødvendig med bakgrunn i området sin status som eit særdeles viktig trekkområde for villreinen mellom Breheimen og Reinheimen. Hytta bør kjøpast og rivast for ettertida. Det er også ei anna hytte her som pr. nå er i dårleg forfatning og som bør kjøpast ut for ettertida.
- Ei anna utfordring i Breheimen NP er grenseområdet mellom tamrein og villrein rundt Lomseggen (grensa mellom Lom og Skjåk). Utfordringane i dette området er knytt til overlappende arealbruk mellom tamrein og villrein. Arealet er brukt som vinterbeite for tamrein (konsesjon), men også villreinen søkjer hit i vinterhalvåret og beiter fram til brunsten i september. Periodevis er det ei stor utfordring å halde villrein og tamrein åtskild (vinter/vår). Her ber vi om meir ressursar til blant anna tilsyn og tiltak slik at flokkane ikkje blandar seg. Bør det etablerast ein plan for kva som skal skje dersom det skjer større samanblanding?
- For å bevare/forbetre vilkåra for villrein er det viktig å ikkje redusere arealtilgangen. Menneskeleg ferdsel er ei av dei store utfordringane for villreinen i dag, og vi har liten moglegheit til å hindre ferdsel i sårbare område der villreinen oppheld seg. Vi ber om at det blir gjort tiltak i lovverket slik at det blir enklare for forvaltningsmyndigheita å innføre ferdselsrestriksjonar. Dette vil vere aktuelt i eit avgrensa område og i ei avgrensa tidsperiode for å unngå forstyrningar av villreinen i sårbare periodar av året.
- Strategien «Velkomen inn» kan vere ein vanskeleg balansegang, særleg for verneområda med villrein der ein kanskje ikkje ønskjer auka besøk. I tillegg må ein vere bevist på at utvikling av hytteområde o.l. kan føre til auka ferdsel. Dette kan på sikt redusere arealbruken til villrein og føre til forstyrring og redusert kondisjon. I området rundt Bjorli er det konkrete utbyggingsplanar av fleire nye hytter og her kan ein forvente auka ferdsel inn i villreinområdet.

- Det må til meir resursar for å samordne forvaltninga slik at ein får meir kunnskap om villreinen heile året. I dag framstår dette som noko fragmentert (villreinnemnd, villreinutval, nasjonalparkstyre, SNO, rovviltutval, fjellstyre m.m.). Det er også viktig at det blir satsa på lokal forvaltning og at sentrale myndigheiter bruker kunnskapen som ligg i den lokale forvaltninga.
- Det er viktig med tilstrekkelege ressursar til informasjonsarbeid, overvaking gjennom året, meir ressursar til beitekartlegging og GPS-merking for betre dokumentasjon av arealbruk. Det trengs meir kunnskap om effekten av ferdsel og infrastruktur på villrein konkret i vårt område. Det er derfor ønskjeleg å ta i bruk «scenarioanalyser» for å sjå på effekten av ulike tiltak.
- Utfordringane i Reinheimen-Breheimen villreinområde er godt beskrive i kunnskapsgrunnlaget i kvalitetsnormen for villrein. Vi viser derfor til dette kunnskapsgrunnlaget for meir utfyllande informasjon:  
<https://villrein.no/kvalitetsnorm/delnormtreinheimen-breheimen/>
- Det er ønskjeleg å delta i prosessen framover med ny stortingsmelding for villreinen. Ved å bruke lokale aktørar i den komande prosessen vil ein sikre at lokalkunnskapen kjem fram, og hele prosessen og sluttresultatet vil få ei betre lokal forankring.

## Invitasjon

Vi vil med dette invitere Klima- og miljødepartementet til ei synfaring i området for å sjå på bl.a. vegplanane i Breiddalen og konfliktane i dette viktige trekkområdet mellom Breheimen og Reinheimen. Vi har i utgangspunktet store verneområde med lite konflikt, i både Reinheimen og Breheimen, men det er viktig å vera føre var slik at ein møter framtida på best mogleg måte for villreinen sin del. I dette må ein også ta vare primærnæringane som er viktige for både fjellområda og bygdesamfunna.

Med helsing frå

Edel Kveen

Styreleiar

Breheimen nasjonalparkstyre

Per Magnus Berdal

Styreleiar


Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Innspela er framført i samråd med Reinheimen-Breheimen Villreinutval og Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen.

Vedlegg:

- Kart over villreinen sitt trekkområde og planlagde tunnelar i Breiddalen.





Kartet viser trekkeområde mellom Breheimen NP og Reinheimen NP i Breiddalen i Skjåk kommune. I tillegg er planlagde tunnelar i teikna inn.

## Innspelmøte 2 om ny stortingsmelding for villrein - 04.05.2023

### Reinheimen - Breheimen villreinområde

Nasjonalparkstyra i Breheimen og Reinheimen har diskutert utfordringane i Reinheimen-Breheimen villreinområde med Villreinutval og Villreinnemnda. I punkta nedanfor er det ei oversikt over dei viktigaste tiltaka som vi meiner kan betre tilhøva for villreinen her. Vi viser også til innspel og kart frå fyrste innspelsrunde den 10.01.2023.

#### Forslag til tiltak

- Breiddalen i Skjåk kommune

Det einaste utvekslingsområdet/trekket mellom Reinheimen i nord og Breheimen i sør går over Breiddalen i Skjåk kommune. For å sikre dette trekkområde for framtida må arbeidet med nye tunnelar mellom Stryn og Skjåk startast opp og få prioritet i Nasjonal transportplan nå.

- Statens vegvesen sitt «Konsept B1» vil sikre trekkområdet for framtida dersom tunnelinnslaget i aust blir trekt ca. 3 km lenger austover mot Breidablikk.
- Det må gjennomførast ei scenarioanalyse i Breiddalen for å synleggjere effektane av plassering av det austlege tunnelinnslaget. Dette med tanke på villreinen sin bruk av Breiddalen som trekkveg mellom fjellområda i framtida.

- Bygningar i trekkvegane

I førre innspelsrunde vart det vist til ei hytte som var til sals, og som ligg midt i det einaste trekkområdet mellom Breheimen og Reinheimen i Breiddalen. Statens vegvesen var seljar av eigendomen. Med bakgrunn i tanken om å sikre trekkvegen for framtida vart det vurdert at hytta burde bli kjøpt opp slik at den ikkje skulle kome på private hender. Det vart gjort førespurnad til både Miljødirektorat og departement om bistand til oppkjøp av eigdommen, men utan hell. Saka enda opp med at ein privat aktør i Skjåk kjøpte eigdommen for 240.000,- og aktøren vil rive hytta med bakgrunn i trekkvegen sin betyding.

I verneområda er det nasjonalparkstyra som har ansvar for å ivareta villreinen sine leveområde og trekkveggar i eit langtidsperspektiv. Men kven har ansvar for å gjere same jobben utanfor verneområda der det er sårbare trekkområde mellom verneområda? Kommunane ja, men politiske vindar kan fort føre til endra haldningar og prioriteringar. I slike samanhengar bør det offentlege på bana og vise interesse for tiltak som kan føre til at ein kan få redusert talet på bygningar/fritidseigedomar midt i viktige trekkveggar.

- Klima- og miljødepartementet må drøfte kva som skal gjerast i slike situasjonar der det opnar seg moglegheiter for å redusere bygningar med tilhøyrande ferdsel og aktivitet i viktige trekkveggar. Slike salsprosessar går fort og det er liten tid til å tenkje seg om. Betydninga av å handle raskt i slike situasjonar vil føre at villreinen vil få det betre i eit langtidsperspektiv, og at ein reverserer fragmenteringa av trekkområda.
- Det bør og vurderast om det skal setjast av midlar som kan kompensere for frivillig flytting/erstatning av hytter/buer/installasjonar som kan ha stor betydning for å betre villreinens levekår.

- Informasjon

Det er viktig med tilstrekkelege ressursar til å drive med informasjonsarbeid i samband med villreinen og verneområda. I årets innmelding av behov for midlar til verneområda gjekk nasjonalparkstyra i Breheimen, Jotunheimen, Reinheimen og Norsk Fjellsenter i Lom saman for å få finansiert ei stilling som informasjonsmedarbeidar. Stillinga skulle sørge for at informasjonsarbeidet i dei tre nasjonalparkane og nasjonalparksenteret vart samkøyrte, og at ein kunne få til eit «informasjonslyft» som vi ikkje greier med dei resursane vi har i dag. I svaret frå Miljødirektoratet kjem det fram dei ikkje har midlar til denne type tiltak og at nasjonalparkstyra må «arbeide politisk» for å skaffe slike midlar. Det burde vere unødvendig å gjere det på denne måten og det er i dag godt opplyst at slik informasjonsarbeid har stor betydning. I vedlegget ligg kopi av saka om driftsmidlar til informasjonsarbeid som var oppe i dei 3 nasjonalparkstyra ved juletider. Her er det meir informasjon om betydninga av satsing på informasjonsarbeid, og i tillegg ligg det også ved eit budsjett.

- Dersom ein meiner noko med satsinga på villreinen så må det bli løyvd meir pengar til slikt informasjonsarbeid, utan at det må gå via dei som har dei «beste kontaktane» oppover i systemet.

- Forsking og tilsyn

- Det trengs meir kunnskap om effekten av ferdsel og infrastruktur på villrein konkret i vårt område. Det er derfor ønskjeleg å ta i bruk «scenarioanalyser» for å sjå på effekten av ulike tiltak.
- Det er viktig med tilstrekkelege ressursar til overvaking og tilsyn gjennom året, meir ressursar til beitekartlegging og GPS-merking for betre dokumentasjon av arealbruk.

- Regulering av ferdsel

Menneskeleg ferdsel er ei av dei store utfordringane for villreinen i dag, og vi har liten moglegheit til å hindre ferdsel i sårbare område der villreinen oppheld seg.

- Vi ber om at det blir gjort tiltak i lovverket slik at det blir enklare for forvaltningsmyndigheita å innføre ferdselsrestriksjonar. Dette vil vere aktuelt i eit avgrensa område og i ei avgrensa tidsperiode for å unngå forstyrningar av villreinen i sårbare periodar av året. Det må etablerast ein god prosess for korleis eventuelle ferdselsrestriksjonar skal kunne gjennomførast i praksis.
  - Strategien «Velkomen inn» i verneområda kan vere ein vanskeleg balansegang, særleg for verneområda med villrein der ein kanskje ikkje ønskjer auka besøk. Denne strategien må tonast ned i dei områda som har villrein.
- Andre moment
    - Utfordringane i Reinheimen-Breheimen villreinområde er godt beskrive i kunnskapsgrunnlaget i kvalitetsnormen for villrein. Vi viser derfor til dette kunnskapsgrunnlaget for meir utfyllande informasjon: <https://villrein.no/kvalitetsnorm/delnormtreinheimen-breheimen/>
    - Det er ønskeleg å delta i prosessen framover med ny stortingsmelding for villreinen. Ved å bruke lokale aktørar i den komande prosessen vil ein sikre at lokalkunnskapen kjem fram, og hele prosessen og sluttresultatet vil få ei betre lokal forankring.

Med helsing frå

Edel Kveen

Styreleiar  
Breheimen nasjonalparkstyre

Per Magnus Berdal

Styreleiar  
Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Vedlegg:

- Sak om driftsmidlar til informasjonsarbeid i Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen og Norsk Fjellsenter.

**ST 18/23 Referatsaker /**

**Autorisasjon - besøkssenter nasjonalpark - Fortun Bygdalag 2023/6018  
Endelig vedtak - klage - Mysubytta LVO - fjerning av platting - Rita Brekkum  
2019/16363**

**ST 19/23 Delegerte vedtak /**

**DS 12/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2023 -  
uttransport av båt og garnkasse frå Åfåttjønnin - Martin Klokk 2023/1594**

**DS 13/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - løyve til å  
arrangere Norges Minste Festival ved Smithbuhytta i Breheimen Nasjonalpark  
sundag 18. juni 2023 - Turstiglaget Lom nasjonalparklandsby v/ Egil Olav Nyrnes  
2022/12373**

**DS 14/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2024-2027 - Transport av ved og utstyr  
til hytte på snødekt mark - Tanja Teigum 2023/5338**

**DS 15/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2023 - Skjøtsel av  
kulturlandskap - Lidar vel v/ Per Dagsgard 2023/5742**

**DS 16/23 Delegert vedtak - Høyrokampen NAT - 2023 - Transport av materialer med  
snøskuter - Birger Eggen 2023/2107**

**DS 17/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - utplassering av  
Fjellgeitposter - Røykeskålsvatnet - Holene - Søverdalen - Fjellgeita - Skjåk IL  
2023/1085**

**DS 18/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - løyve til å  
arrangere «Norges Minste Festival» ved Smithbue - Turstiglaget Lom  
nasjonalparklandsby v/ Egil Olav Nyrnes 2022/12373**

**DS 19/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2023 - Transport av båt, ved og proviant  
- Lundadalen - Åge og Arnstein Frøyse 2023/1759**

**DS 20/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - motorferdsel på  
snødekt mark - Lundadalsvatnet - Martinsbu - Yste Sætre - Magne Håvard Forberg  
2020/12991**

**DS 21/23 Strynefjellet LVO - dispensasjon - motorferdsel 2023 - bruk av skuter etter  
20. april - Strynefjellet Sommerski AS v/ Nina Lensebakken 2020/204**

**DS 22/23 Delegert vedtak - Høyrokampen NR - dispensasjon - 2023 - merking av  
analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - arealrepresentativ  
naturovervåkning ANO - Norsk institutt for naturforskning NINA 2023/4577**

**DS 23/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2023 - Transport av båt  
og garnkasse - Magne Nyhus 2023/3159**

**DS 24/23 Delegert vedtak - Dispensasjon - Breheimen NP - Vigdalen LVO -  
Hamrdsalsnosi - Motorferdsel - Oppsetting av basestasjon til peiling av husdyr -  
Skjolden Beitelag 2023/3553**

**DS 25/23 Delegert vedtak - Dispensasjon - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel -  
2023 - Løyve til motorferdsel etter 20.april - Hydro Energi Sogn 2020/4405**

**DS 26/23 Delegert vedtak - Dispensasjon - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel -  
2023 - Transport med snøskuter i samband med vedlikehaldsarbeid på Aretntzbu -  
DNT Oslo og omegn 2022/2726**

**DS 27/23 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2023 - oppsetting av  
stolper i samband med stolpejakt - DNT Gudbrandsdalen 2023/4576**

**DS 28/23 Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2023 -  
Rydding av sti og oppføring av stolpe med skilt - Egil Olav Nyrnes 2023/95**

**ST 20/23 Eventuelt /**